

Fra: Ruth Ørnholt (Ruth.Ornholt@hfk.no)
Sendt: 05.01.2016 09:40:00
Til: Marit Gro Berge
Kopi: Sigrid Furnes

Emne: Utlånssystem på bokbåten
Vedlegg: image001.png

Hei og godt nytt år!

Vi har diskutert utlånssystemet på bokbåten internt og hatt kontakt med fylkesbiblioteket i Møre og Romsdal for å høyre korleis dei praktiserer utlån frå båten.

På bakgrunn av dette har vi kome fram til at utlånssystemet om bord i Epos i Hordaland skal vere tilnærma likt det som vert nytta i Møre og Romsdal. Hovudgrunngeving både for dei og oss, er eit ønskje om betre kontroll med utlånet. Mindre misnøye blant kontaktpersonane, mindre svinn og større grad av tilbakelevering av nye bøker er nokre av gevinstane Møre og Romsdal har erfart med eit meir ordinært og kontrollert utlån.

Slik vert utlånet praktisert i Møre og Romsdal:

- Den enkelte elev finn alle bøker ho/han skal låne, stiller seg i kø (klasse-/trinnsvis), og vi får registrert alle bøkene for kvar elev. Vi tar ei utskrift for kvar lånar kor vi skriv eleven sitt namn + klassetrinn på (vi er svært glade om vi kan få hjelp av ein vaksen til å skrive namn på listene). Lærar får i tillegg med seg ei samla utlånsliste for klassa.
- Elevane finn seg bøker, og legg dei i ei kasse etter avtale med lærar. Lærar får med seg bokkassa og utlånsliste for heile klassa/trinnet, og elevane får bøkene når dei kjem på skolen.
- Vaksne lånarar på ettermiddagsstopp/kveldsstopp får personlege lånekort.

I tillegg ønskjer vi at det blir sendt ut purring /påminning til lånarane i forkant av at båten skal ut på ny tur. Fylkesbiblioteket kan gjere dette arbeidet.

Sigrid er kontaktperson for innføring av det nye utlånssystemet.

Venleg helsing

Ruth

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket |